



MØTEPROTOKOLL

Kontrollutvalet

Dato: 07.04.10 **Kl.:** 12.45 – 13.45 **Stad:** Møterom ved sida av kommunestyresalen

Saknr.: 09/10 – 13/10

MØTELEIAR

Arne Kalve Klepsvik (H)

DESSE MØTTE

Anne-Kristine Bakke (Ap)

Kjell Nøttingnes (KrF)

Inger Johanne Byberg (Frp) møtte i staden for Anne Marie Otterå Halstensen

Tone Solbakken møtte i staden for Hans Reidar Njåstad

FORFALL

Anne Marie Otterå Halstensen (FrP)

Hans Reidar Njåstad (SP)

DESSUTAN MØTTE

Hordaland fylkeskommune, sekretariat for kontrollutvalet v/ Kari Nygard.

Før ordinært kontrollutvalsmøte (kl.10.30 – 12.30) vart det gjennomført eit arbeidsmøte vedr. val av revisor. Kontrollutvalet gjekk gjennom og sette seg inn i tilbodsmateriellet som låg føre i saka.

Sakliste:

Saknr.	Sak
09/10	Godkjenning av innkalling og sakliste
10/10	Godkjenning av protokoll frå møte 11.03.10
11/10	Val av revisor
12/10	Årsmelding for kontrollutvalet for 2009
	Ymse

09/10 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

HANDSAMING I MØTET

Det framkom ikkje merknader til innkalling og sakliste.

VEDTAK

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjend.

10/10 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 11.03.10.

HANDSAMING I MØTET

Det framkom ikkje merknader til protokoll frå møte 11.03.10.

VEDTAK

Protokollen frå møte 11.03.10 vart samrøystes godkjend.

11/10 VAL AV REVISOR

FORSLAG TIL INNSTILLING

Kommunestyret vel som revisor frå 01.07.2010 til 30.06.2014 med opsjon for Austevoll kommune til å forlengje avtalen med 2 år.

HANDSAMING I MØTET

Dei innkomne tilboda vart gjennomgått og kommenter. Evalueringa viser at det er Deloitte AS som totalt sett har gjeve det mest fordelaktige tilbudet. Ved avrøysting var det fire stemmer for å velja Deloitte AS, og ei røyst mot. Kontrollutvalet si innstilling til kommunestyret vert difor:

INNSTILLING

Kommunestyret vel Deloitte AS som revisor frå 01.07.2010 til 30.06.2014 med opsjon for Austevoll kommune til å forlengje avtalen med 2 år.

12/10 ÅRSMELDING 2009 FOR KONTROLLUTVALET

FORSLAG TIL INNSTILLING:

Kommunestyret godkjenner årsmelding frå kontrollutvalet for 2009.

HANDSAMING I MØTET

Årsmeldinga blei gjennomgått og drøfta. Kontrollutvalet sa seg samd i innhaldet i årsmeldinga, og gjorde slikt samrøystes vedtak.

INNSTILLING

Kommunestyret godkjenner årsmelding frå kontrollutvalet for 2009

YMSE

Det var ikkje saker under dette punktet.

Arne Kalve Klepsvik
Leiar

Kari Nygard
Sekretær